

MOTTATT

08 MAI 2014



Statens vegvesen

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Erlend Loftesnes Røysum - 22073626

Vår referanse:
2012/018837-012

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.05.2014

Høyrings svar - endring i yrkestransportforskrifta - overføring av løyveansvaret frå Samferdselsdepartementet og fylkeskommunane til Statens vegvesen - Statens vegvesen Region vest

Vi viser til høyringsbrev av 3. februar 2014 i samband med endring i yrkestransportforskrifta og overføring av løyveansvaret frå Samferdselsdepartementet og fylkeskommunane til Statens vegvesen.

Statens vegvesen Region vest har fått i oppdrag å etablere ei nasjonal løyveeining for utferdig av transportløyver og har desse innspela til høyringa:

Regionen tek sikte på at den nasjonale løyveeininga er operativ frå 1. januar 2015, i tråd med det som vert skissert under pkt. 1 i høyringsbrevet.

Region vest har lyst ut stillinga som seksjonsleiar for løyveeininga og vil gjennomføre intervju med aktuelle kandidatar ila. mai-månad. Tilsetting av sakshandsamarane vil skje delvis parallelt til denne prosessen. Den faglege opplæring av dei tilsette ved seksjonen skjer i regi av Vegdirektoratet.

Vidare har regionen inngått avtale om leige av lokale og har starta prosessen med å tilpasse desse til den nye seksjonen.

I høve til fastsetting av gebyrsats for utferding av transportløyve meiner Region vest at det vil vere mest hensiktsmessig å halde gebyret uendra i 2015 og vidareføre dagens gebyrsats på kr 3 400,-. Det første driftsåret vil skape grunnlag for å vurdere endringar i gebyret for 2016, då føringane for gebyrsatsen er at den skal dekke kostnadane til løyveeininga.

Region vest ser at det i framtida kan verte naudsynt å justere ressurs- og bemanningssituasjonen i høve til utviklinga av arbeidsoppgåvene og arbeidsomfanget ved løyveeininga.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Gjennomføringa av vegpakken vil kunne innebere nye og/eller fleire oppgåver på regionsnivå, og samstundes kan ein eventuell auke i arbeidsmengd krevje meir ressursar til klagesakshandsaming i Vegdirektoratet.

Trafikant- og køyretøyavdelinga
Med helsing



Jan Tore Odd
avdelingsdirektør

Erlend Loftesnes Røysum